


Fiskeri- og kystdepartementet
Postboks 8118 Dep
0032 OSLO



Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
200908392-4/313/SOLSVE


Dykkar ref.:

Bergen, 30. november 2009

Høyring - Nye bestemmelsar om torskeoppdrett

Vi viser til Dykkar brev av 18.08.2009, Høring - Nye bestemmelser om torskeoppdrett. Saka vart handsama av Fylkesutvalet i Hordaland 19.11.2009. I Fylkesutvalet vart det gjort følgjande vedtak:

1. Hordaland fylkeskommune sluttar seg i hovudsak til dei framlagde forslaga i forskrifta. Ein legg her vekt på at forskriftsendringane vil føre til meir berekraftig og framtidsretta torskeoppdrett.
2. Hordaland fylkeskommune har merka seg at forslaget inneber stans i tildeling av akvakulturløyve for marin fisk i det geografiske området som er omfatta av forslag til ny "Hardangerfjordforskrift". Hordaland fylkeskommune vil peike på at denne stansen bør vere mellombels og med ein fastsett tidshorisont slik at det ikkje vert unødige hindringar for optimalisering av drifta for torskeoppdrettarane på sikt.
3. Hordaland fylkeskommune har merka seg at det er foreslått at "lokalteter for torsk ikkje skal etablerast i gyteområde for vill torsk". Vi meiner at kartlegginga av gyteområda, og prosedyrane som har vore nytta for kartlegginga fram til i dag, bør betrast før kartmaterialet vert nytta som kategorisk avslagsgrunn for søknader om oppdrett. Mangelfull fagleg grunngjeving vil kunne vere uheldig for utvikling og struktur i næringa. Vidare kan slik bruk av eksisterande kartmateriale føre til miljømessig uheldig plassering av oppdrettsanlegg og at potensielt gode lokalitetar ikkje vert nytta.
4. Hordaland fylkeskommune ber om at det snarast vert sett i gong eit arbeid for å skaffe best mogleg kartgrunnlag over gyteområda. Vi ber om at "gyteområde" vert definert, at det vert fastsett grenseverdiar og at dei regionalt viktigaste områda vert prioritert, slik at kartet kan nyttast i sakshandsaming.


Jan Per Styve
strategi- og næringsdirektør

Kopi av saksframstillinga og utskrift av den politiske handsaminga ligg ved.